

Til: Kulturdepartementet

Kopi: Norsk Teater- og Orkesterforening

Vår ref.: 19/10-010-2/STI/am

Bergen, 21. mars 2019

INNSPEL TIL SCENEKUNSTSTRATEGI

Innleiing

I invitasjon til innspel vert det lista opp fleire aktuelle tema,

- Kva bidrar til å fremje produksjon og formidling i scenekunstheltet? Gjev eksempel.
- Har du eksempel på vellykka prosjekt eller tiltak som har fremja nye typar samarbeid og auka framsyning av scenekunst?
- Kva for strukturelle utfordringar finns i dag på scenekunstheltet? Gjev eksempel
- Kva for tiltak må til for at desse utfordringane kan løysast?
- Korleis ønskjer du at scenekunstheltet skal sjå ut om 5-10 år? Kort skildring.

I vårt svar vil vi vektlegge dei 4 første punkta. Hordaland Teater vil vidare i sine innspel avgrense oss til dei aspekt som rører ved dei profesjonelle scenekunstinstitusjonane i Norge. Vi er tydeleg medviten om den store aktiviteten og tydinga det frie feltet utanom institusjonane spelar, og vi har løpande eit samarbeid med det frie feltet i samproduksjonar som vert vist på vår eigen scene. Vi ser det likevel som viktig at vi spissar diskursen rundt rammevilkåra og utviklingsvilkåra for nettverket av profesjonelle scenekunstinstitusjonar.

Eksempel på vellykka prosjekt

Hordaland Teater har saman med andre institusjonsteater gjort fleire samproduksjonar dei seinare åra. Arbeidsforma er krevjande, men det gjev moglegheit til å nå ut til eit større publikum når produksjons- eller initialkostnadane kan fordelast i fleire budsjett. På same vis prøvar ein å spele repertoar ved teatera slik at ein produksjon kan takast opp att ved fleire anledningar og med det få eit lengre liv enn ein enkel speleperiode. Utfordringa for teatera er todelt: Vi treng plass til å kunne handtere fleire parallelle førestillingar og vi treng å oppdatere avtaleverket slik at ein får nytte synergiane frå denne omlegginga.

Strukturelle utfordringar og forslag til løysingar

Hordaland Teater vil i dette kapittelet lyfte fram fem problemstillingar: Utvikling av ny norsk dramatikk, formidling av teater for barn og unge, språkmandata, økonomien i scenekunstheltet og avklaring av rettar knytt til ny struktur, nye visningsflatar, mm.

Manusutvikling

Samanliknar ein med andre land, til dømes Danmark, er Norge si støtte til utvikling av ny scenetekst i høg grad sentralisert og koordinert gjennom eit organ, Dramatikens Hus. Denne institusjonen får fram mange nye talent og gjev dramatikarar gode rammer for å arbeide med sitt forfattarskap. Hordaland Teater vil bere fram eit ønske om at det i større grad og utanfor Oslo skal kunne la seg gjere å hente støtte for det viktige arbeidet det er å dyrka fram nye sterke dramatikarar. Dessutan vil vi peike på at kontaktflata mellom produserande teater og eit skrivande miljø er avgjerande for utviklinga av norsk teater. Vi ber om at den nye scenekunstmeldinga tek høgde for at støttemogelegheita som vart borte med nedlegging av refusjonsordninga finn ei ny løysing. Det er tidkrevjande og dyrt å satse på originalskrivne manus og det enkelte teater har berre i liten grad moglegheit til å finansiere dette utan eige støtteordning.

Formidling av ny dramatikk for barn og unge

Den Kulturelle Skulesekken har i mange år vore ein viktig aktør og bindeledd mellom teateret og barn/unge. Mange fylke og kommunar har lagt om ordninga dei seinare åra til ein modell som er lite tenleg for institusjonsteatera. Planleggingshorisonten for desse teatera er 18-24 månadar og der særleg dei turnerande regionteatera tidlegare kunne rekne med å få med ein produksjon i DKS-systemet, er det no ikkje mogleg å binde opp dramatikarar, skodespelarar og instruktørar kontraktuelt. Vi ser trong til ein gjennomgang av ordninga og vil reise spørsmålet om kor vidt departementet ser det relevant for DKS at nasjonale og regionale institusjonar også møter norske skuleungar og skuleungdom. Slik ordninga er praktisert no vil vi hevde at Hordaland Teater neppe er dei einaste som finn det vanskeleg å koordinere gode tilbod til skule opp mot lang planleggingshorisont. Her er det naudsynt med fastare samarbeidsformer med meir føreseielegheit.

Scenekunst og språkmelding

I KULTURENS KRAFT – KULTURPOLITIKK FOR FRAMTIDA (Meld St. 2018-2019) er det bebuda ei eiga språkmelding. Som eit av tre teater med eit tydeleg nynorsk språkmandat vil Hordaland Teater setje fokus på at ein og i scenekunstmeldinga tek høgde for at det er tilstrekkeleg ressursar innan scenekunstheltet slik at minoritetsspråka vert ivaretatt på dei scenene som har eit slikt mandat. Vi vil og her streka under kor viktig det er at det vert utvikla ny nynorsk dramatikk.

Økonomien i scenekunstheltet

Regjeringa har dei seinare åra gjennomført eit ABE-reform gjennom reduserte løyvingar til scenekunstheltet. Målet med reforma er å effektivisere og avbyråkratisere. Det norske scenekunstheltet er i dei fleste tilfelle klårt underadministrert – ressursane vert brukt på kunstnarlege produksjonar. For dei fleste aktørane i feltet er meir enn 50% av kostnadane løn, 20-30% er innkjøp av rettar, materialar og

utstyr til produksjon. Når ikkje lønns- og prisveksten vert kompensert i årlege løyvingar, vil det medføre mindre og færre produksjonar og med det dårlegare vilkår for kunstnarane og publikum.

Avklaring av rettar med nye visningsflatar

Den nye meldinga bør sette på dagsorden dei utfordringar som melder seg i takt med utviklinga av digitalisering og nye plattformer. Scenekunstfeltet opplever i dag at det er lite samsvar mellom opphavsrettar til åndsverk, og dei moglegheitene ein har til å nytte alternative digitale visningsflatar. Ei sentralt plassert scene kan vise eit stykke for 50.000 over to år til same pris som eit mindre teater betalar for 2000. Om ein ønsker å strøyme framsyninga slik at eit par tusen ekstra ser det, utløyser det nye rettar som ein må betale for.

Avslutning

Vi les ut av KULTURENS KRAFT ei satsing på fleire overordna mål enn det vi har sett tidlegare. For oss ser det ut som vi får ei utvikling frå få overordna kulturpolitiske mål til fleire og meir instrumentale rapporteringkriterie. Vi ser og at det kan vere naudsynt med fleire område som treng spesiell satsing framover, men minner om at dette ikkje må avgrense institusjonane sin eigen handlefridom. Kvar institusjon må ha sin funksjon i offentlegheita og gitt omstende der deira fokus er på tvers av departementet sitt.

Hordaland Teater stiller seg bak kulturmeldinga si tydelege understreking av den frie kunsten og dei frie ytringspostane si rolle i demokratiet. Vi vil i forlenging av det peike på viktigheita av trygginga av infrastrukturen i institusjonsfeltet og ei grunnleggande og føreseieleg driftsstøtte som ikkje er vilkårsbunden av spesifiserte kulturpolitiske mål.

Med venleg helsing

HORDALAND TEATER


for Solrun Toft Iversen

Teatersjef